

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

ÅRSRAPPORT 2017



Auferafolk tek seg gjerne ein tur i lag etter arbeid og. Her på Tveitåsen i ruskever, men like glad.



Innhald:

1. Innholdslista.....side 2
2. Forord.....side 3
3. Føremål, visjon og verdiar.....side 5
4. Organisasjonen.....side 6
5. Kompetansekrav, kompetanse og komp.heving.....side 9
6. Rammer og godkjente plassar.....side 10
7. Avdelingane.....side 10
8. Samarbeid.....side 13
9. Kontrollar, sertifisering, rapportar m.m..... side 13
- 10.Resultat.....side 14

Forord

2017 opplevde me som året me kom på rett veg att. Resultata av dei store nedskjeringane me hadde i åra før, gav resultat. Rekneskapen vart slik me hadde jobba mot. Ei svært nøktern drift på alle felt gav oss eit positivt resultat på nærmere 600 000.

Treavdelinga hadde ein fin auke i omsetnad, særleg siste halvår. På kjøkkenet tilsette me konditor og auka gradvis oppatt både produksjon og omsetnad.

Nedgangen på vaskeriet som har vore i samband med nedgangen i næringslivet, ser ut til å snu sakte men sikkert. Vaskeriet fekk ein bra auke i privatkundar.

Kanskje mest positivt er auke av folk som ynskjer plass hjå oss. Aufera har over tid hatt ledig kapasitet på tiltakspllassane i motsetnad til andre vekstverksemder. 2017 var eit år mange av dei som har hatt arbeidspraksis hjå oss var ferdig med vidaregåande skular. Aufera vart då i same situasjon som mange andre, me fekk ventelister på VTA-plass. Kjekt for oss, mindre kjekt for dei som ikkje får plass. Det som er positivt i dette, er at kommunane fleire av desse personane bur i, har gjort avtale med Aufera om ekstra medfinansiering. Dette er vanleg i dei aller fleste kommunar, då det over heile landet er mangel på VTA-pllassar.

Det store sjukefråvær i Aufera ser ikkje ut til å stoppa. Dette er til tider ei utfordring. Det er ikkje kjent at fråværet skuldast noko på arbeidsplassen.

I 2017 gjekk me på ny inn i samarbeid med flyktningetenesta hjå eigarkommunane. Me har hatt glede av å verta kjend med fleire av våre kjekke nye landsmenn. Håpet er at me kan læra dei både språk og litt om samfunnet vårt, men også at me får læra av dei. Me har t.d. hatt mange gode måltid med syrisk mat.

2017 var også eit år prega av mange godkjenningar og kontollar. NAV godkjenner og tildelar tiltakspllassar kvart år, men kvart fjerde år har dei ei større gjennomgåing som skal enda i ny godkjenning. Hausten 2017 hadde me ei slik, og me er godkjend som tiltaksarrangør for gjennomføring av arbeidsmarkedstiltak for fira nye år. Også innafor kvalitetssikring var det tid for ny revisjon. Equassrevisjon var i november, så også der har me godkjenning for nye to år. Hausten 2017 hadde Austrheim kommune eigarskapskontroll av Aufera. Arbeidet med den er gjort, men sjølve rapporten ligg ikkje føre enno. Alt dette inneber både spenning og meirarbeid. Men det er også på å gjera oss sikre på at Aufera er ein god plass for dei brukar oss som tiltaksarrangør, at me har orden i det me gjer og at me jobbar etter dei lover og reglar som gjeld for oss, og ikkje minst for alle oss som har vår daglege arbeidsplass på Aufera.

Det er ei kjent sak at plassmangel i mange år har vore ein bremsekloss for Aufera. Det er også ei kjent sak at me i fleire år har hatt eit stort ynskje om å få overta lokala der Manger Seafood var. Våren 2017 hadde me ein del samtalar med både eigrarar og andre sentrale personar og glede var stor på Aufera då

styret i juni gjorde vedtak om at me skal kjøpa lokala på kaien. Prosessen med ombygging, overtaking, lån og anna tok noko lenger tid enn mange av oss hadde sett føre seg. Men vedtak er gjort, prosessen godt i gang og me ser veldig fram til å få mange og nye moglegheita i «nytt bygg».

Huskjøp og ombygging kostar. I skrivande stund heldt me på å få inn prisar på arbeid som må gjerast. Nøktern drift er noko me har drive alltid og som me vil halda fram med. Men dette vil innebera eit svært stort økonomisk løft for Aufera. Det er og klart at skal me vera liv laga, så må me no våga å satsa slik at det vert eit godt tilbod om tilrettelagt arbeid i nordre del av regionen. Sjølv om Generalforsamling ikkje har sagt sitt enno, så kan det ikkje vera tvil om at overskotet for 2017 vil verta brukt til ombygging og oppussing av «nybygget» vårt.

Me har stor tru på at 2018 vil verta eit spennande år for Aufera og at det vil verta eit år der Aufera enno ein gang kan visa at me får det til.



Styrevedtak om huskjøp vart sjølvsagt feira med «sprudlevatn» og jordbær

Føremål, visjon og verdiar

Føremål:

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. Å gje meiningsfylt arbeid utifrå den enkelte sine føresetnader. Arbeidet skal vera med å vedlikehalda og utvikla den enkelte sine ressursar og kompetanse.

Visjon:

Me skal utvikla oss vidare gjennom ein meiningsfull kvardag med tilpassa arbeidsoppgåver og auka meistringskjensla.

Verdiar:

Trivsel

Me ynskjer å ha det kjekt saman på arbeid og kunna glede oss til å gå på jobb. Me viser respekt for kvarandre og aksepterer at me er ulike.

Me har og respekt for arbeidsplassen, utstyret vårt og kundane våre.

Me er positive til kvarandre og til nye utfordringar. Frå at me seier god morgen og «ser kvarandre», til at me er positive i kontakt med kundar og samarbeidspartar.

Kvalitet i alt me gjer

Me skal levera rett produkt og teneste til rett stad og rett tid.

Kvaliteten skal gjenspeglast i alle arbeidsprosessane.

Mot

Me skal ha mot til å møta nye utfordringar og prøva nye ting.

Me tør å by på oss sjølve, tør å stå for noko, og ta eit val. Me har mot til å vera medmenneske og inkludera andre.

Organisasjonen

Aufera AS

Mangersnesvegen 72

5936 Manger

Telefon: 55602472

E-post: post@aufera.no

<http://www.aufera.no>

Aufera AS er eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy.

Fordeling av aksjekapitalen er:


Austrheim kommune 37 %

Fedje kommune 16 %

Radøy kommune 47 %

Styrerepresentasjonen er 2 styremedlemmer til Austrheim, 1 styremedlem til Fedje og 2 styremedlemmer til Radøy.

Organisasjonskart Aufera AS



Generalforsamlinga i perioden 2015 – 2019:

Austrheim	Jan Erik Espelid	vara: Reidar Øksnes
Austrheim	Siri Kaland	« Monica Thorpe
Fedje	Kristin Handeland	« Stig Øien
Fedje	Paul Knapskog	« Ottar Tangen
Radøy	Morgan Taule	« Ståle Villanger
Radøy	Else Marie Dale	« Dag Sætre « Karolina Vaktskjold « Roy Bøe

Generalforsamlinga vart halde 01.06.2017

Styret:

Fram til Generalforsamlinga var styret slik samansett:

Leiar:	Ole Lysø	Austrheim
Nestleiar:	Vidar Grindheim	Radøy
Styremedlem:	Solveig Lerøy	Austrheim
«	Roy Asle Tungland	Fedje
«	Eva Karin Klausen	Radøy

Vara:	Mona M. Leikvoll	Austrheim
«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Tonje Gullaksen	Fedje
«	Rosalind G. Instebø	Radøy
«	Bjørn Terje Vaktskjold	Radøy

Etter Generalforsamlinga var styret slik samansett:

Leiar:	Ole Lysø	Austrheim
Nestleiar:	Vidar Grindheim	Radøy
Styremedlem:	Roy Asle Tungland	Fedje
«	Siri Kaland	Austrheim
«	Eva Karin Klausen	Radøy

Vara:	Solveig Lerøy	Austrheim
«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Tonje Sulen Gullaksen	Fedje
«	Bjørn Tore Vaktskjold	Radøy
«	Lene Christensen	Radøy

Valnemd er dei tre ordførarane i eigarkommunane.

Rådgjevande utval

I avtalen Aufera gjer med NAV står det at ein skal ha møter med fast representant frå NAV, Rådgjevande utval. Hensikta med desse møta er å fylgja opp einskildsaker. Oftast er Rådgjevande utval møter mellom ein representant frå NAV og dagleg leiar. Aufera har valt ein litt anna vri på dette, sidan me har tre ulike kommunar å forholda oss til.

Rådgjevande utval har vore:

Austrheim: Kristine Fanebust (fagleiar psykisk helse)

Fedje: Anja Helbig (psykiatrikoordinator)

Radøy: Bjarnhild Myhre (Barne og fam. tenesta i Radøy)

NAV: Arne Jakob Vik Olsen (NAV Markedstjenester)

Aufera: Kari Smith (dagleg leiar)



To av våre arbeidrar ute på salsoppdrag.

Kompetansekrav/kompetanse og kompetanseheving

NAV stiller ein del krav til vår type verksem, m.a. at det skal vera attføringsretta kompetanse, pedagogisk kompetanse og yrkesfagleg kompetanse (kravspesifikasjonen). Anna kompetanse ein treng/bør ha er kunnskap om sal og marknadsføring, økonomi/økonomistyring, leiingsfag og kompetanse om personalleiing, HMS/kvalitetsstyring, IKT-kunnskap og sjølvsagt kompetanse på dei aktuelle arbeidsoppgåver og maskineri på avdelingane.

Verksemda har den kompetansen som NAV krev. Arbeidsleiarane i Aufera har variert yrkesbakgrunn, og me set m.a. på erfaring innan omsorgsarbeid, psykiatri og innan rus.

Formell kompetanse i Aufera:

Fagbrev kokk

Fagbrev blomsterdekoratør

Fagbrev barne- og ungdomsarbeidar

Fagbrev konditor

Fagbrev elektrikar

Fagbrev automatiker

Handel og kontorfag
Sosial-pedagog
Spesialpedagogikk
Vidareutdanning i coaching
Basiskurs i attføring
Fokus på meir formell kompetanse vil og bør vera viktig ved framtidige utlysingar, då dette meir og meir vert eit krav.

Kompetanseheving:

Det var vore halde følgjande kurs for alle tilsette med ekstern kursleiar i 2017:
Hygienekurs
Brannvern kurs



Frå kurs i hygiene.



Her er det brannvern teori.



Først teori, og etterpå var det praksis.



Utover dette har det vore ordinært tilsette på kurs i:
Kompetanseforum og nettverksbygging
Omdømmmebygging
Equass 2018
Digital sjukemelding
Merkevare, markedsføring og sal
Utviklingsferdigheter

Rammer og godkjente plassar

I tida 01.01.2017 – 31.12.2017 hadde Aufera følgjande godkjende plassar:

15 VTA (varig tilrettelagt arbeid). Det er NAV Markedstjenester som tildeler og godkjenner desse plassane.

På dei 15 godkjende VTA-plassane har det i 2017 vore 18 personar innom tiltaket. For første gang på lenge hadde og har Aufera ventelister på VTA plass. To personar har 50 % stilling på VTA men ynskjer 100%. Tre personar har søkt om 100 %. Aufera har gjort avtale med heimekommunane til nokon av desse personane om kjøp av plass, dvs Aufera får kompensasjon for å gje eit arbeidtilbod utover dei 15 godkjende plassane frå NAV. Dette er på same måte som er vanleg over heile landet, då det i mange år har vore for få VTA-plassar. Det var tre personar på språkpraksisplass i 2017. To av desse har framleis avtale hjå oss.

Verksemda har avtale med Hordaland fylkeskommune om arbeidspraksis for elevar i vidaregåande skule. Første halvår var det 6 elevar frå vidaregåande skular som hadde arbeidspraksis hjå oss. Andre halvår var ingen, då dei fleste av dei var ferdig med skuletida. Det er elevar frå både Austrheim vidaregåande og Knarvik vidaregåande.

I 2017 hadde Aufera tilsett:

3 arbeidsleiarar/instruktør (100 %)

1 arbeidsleiar/instruktør (60%)

1 sjåfør

1 dagleg leiar

Avdelingane

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming.


VTA (Varig Tilrettelagt Arbeid) er for personar som har uførestønd, men ei restarbeidsevne. Tiltaket er ikkje tidsavgrensa. Det er varig, men det skal jamleg vurderast utdanning, andre tiltak eller ordinært arbeid.

Inntak av nye arbeidstakrarar skjer etter søknad og godkjenning av NAV.

Klar for lunsj, i dag er det Syrisk mat. Me vaskar, og me fiksar rensing.



Vaskeri



Reint tøy klar til levering.

Smilet er aldri langt vekke på Aufera.

Vaskeriet vårt er eit vaskeri med barrieremaskin for å kunna innfri krava til vask av institusjonstøy. Med store og små har me om lag 80 kundar som får vaska arbeidstøy, matter og moppar, institusjonstøy, dukar m.m. I tillegg vaskar me ein del for private som dyner, ryer, dukar osv. Me tek og lettare reperasjoner som t.d. skifte av glidelås. Verksemda eig og leigar ut matter, arbeidskle og institusjonstøy. Me hentar og leverer til kundar i Austrheim, Lindås, Radøy og Meland. Også på Fedje har me faste kundar, men etter særavtale om henting og levering.

Aufera har eit samarbeid med Renseriet AS, som gjer at ein og kan tilby renseritenester.

Verksemda har i mange år hatt eit samarbeid med ein del bibliotek i Nordhordaland. Me sorterer og fraktar bøk mellom biblioteka.




Rulling av dukar

Her er full aktivitet

Treavdeling/vaktmeistergruppa

Treavdelinga produserer ulike treprodukt som t.d. notkassar, hagemøblar, blomsterkassar, varmepumpedeksel og postkassestativ. Avdelinga har siste året hatt god tilgang på oppdrag, og for første gang på fleire år har det ikkje vore rolegare periodar om haust/vinter. Det har vore jamn tilgang på oppdrag heile året. I store trekk vert det som skal gjerast av vaktmeisteroppdrag på eige bygg, gjort av denne gruppa. Gruppa har og ein del vaktmeisteroppdrag for andre, både private og offentlege.



Ferdig kattehus

Produksjon av notkasse

Kjøkken

Januar 2017 vart det tilsett konditor og kjøkkenet fekk etter mange år ein fast person som har ansvar på kjøkkenet. Me starta med to dagar, men har auka jamt opp og vil snart vera ope kvar dag. Her er det produksjon av lefser, flatbrød, knekkebrød, kaker og diverse urteprodukt med meir. I tillegg er lunsjtilbodet for dei som jobbar på Aufera ein viktig del av kjøkkenet. I flg.

«Kravspesifikasjonen» frå NAV plikter me å ha fokus på kosthald, noko som er naturleg når ein har kantina. Mange som arbeider på Aufera et gjerne dei andre måltida åleine, og den sosiale delen av lunsjen vert med det svært viktig.

Då kjøkkenet vart ope att, kom kundane att. Samarbeidet med busselskapet som kjører turar i Nordhordland vart tatt opp igjen då kjøkkenet starta oppatt.



Lefsepakking



Kvit dama

Samarbeid

Verksemda har årleg fleire spørjeundersøkingar for å kunna forbetra oss. Me opplevre at me får gode tilbakemeldingar, og at me etter kvart har fått eit godt omdømme. Sjølv sagt er det ting me kan gjera betre, men i hovudtrekk lever me opp til verdiane våre: trivsel, kvalitet og mot.

Resultat av avvik, klager og LEAN (system for kontinuerleg forbetring) i 2017 var 7 klager, 63 avvik og 26 LEAN-forslag der 23 er gjennomført. Avvik og klager om lag som året før, men nedgang i LEAN. Truleg er årsaka kor flink eller ikkje me er på å dokumentera dei ulike tiltaka.

Ein del av dei som jobbar hjå oss har ansvarsgruppe (samarbeidsmøte der ulike instansar frå «hjelpeapparatet» saman med den det gjeld møtest). Me opplever gode samarbeidsforhald der det er oppretta slike grupper, og samarbeider godt med NAV, lege, psykolog, familie, skule og andre frå hjelpeapparatet.

Rådgjevande utval er eit anna samarbeidsfora som fungerer godt.

Det har i mange år vore eit godt samarbeid med dei andre tiltaksbedriftene i Nordhordland. Det er faste leiarsamlingar der me utvekslar erfaring, me hjelper kvarandre når det trengst og me har felles kurs for ordinært tilsette.

På den årlege blåturen vår var me på besøk hjå ei av dei andre verksemndene. Treavdelinga og kjøkken har og vore på bedriftsbesøk.



Klar til avreise på Blåtur.



Lydhør forsamling får orientering på KIM

Kontollar, sertifisering, rapportar m.m.

Kontrollutvalet i Austrheim kommune tinga Eigarskapskontroll av Aufera AS. Nordhordland Revisjon IKS er ferdig med arbeidet, men den er ikkje vedteken enno. Fedje kommune gjennomførte ein slik kontroll i 2015, så det er truleg ikkje dei store innspela på det som går på oss. Slike kontollar er lærerik og truleg med på å gjera oss betre på ein del felt.

NAV har ein større gjennomgang før dei evt godkjenner oss kvart fjerde år. I haust hadde me ein slik gjennomgang som førte til ny godkjenning for fira nye år.

Equass Assuranse er eit europeisk system for kvalitetssikring av velferdstenester med ekstern revisjon og sertifisering. Den gjer tenestelevrandørar i velferdssektoren moglegheit til å sikra kvaliteten av tenestene overfor brukarar og andre samarbeidspartar. Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett krav om kvalitetssikring med ekstern revisjon og sertifisering for å kunna drifta ein del av arbeidsmarknadstiltaka. Aufera har som mange andre vekst og attføringsverksemder valt Equass som system. Me vart første gang godkjent i 2011, og må ha ny sertifisering annakvart år. Det er ei omfattande sertifisering som krev mykje av verksemda. Aufera hadde revisjon i november 2017, og er no godkjent fram til 4.desember 2019.



Her feirar me ny Equassgodkjenning.

Resultat av attføringsarbeidet

Ingen av dei som har slutta i VTA-tiltaket har gått vidare til ordinært arbeid.

Tilbakemeldingar frå dei som har VTA-plass er tydleg på at dei får auka livskvaliteten sin vesentleg med å vera på Aufera.

Aufera har nok med åra vorte strengare i krava til dei som har arbeidet sitt her. Dersom ein ikkje kan eller vil innordna seg i reglar som gjeld i arbeidslivet, kan ein heller ikkje ha arbeid i Aufera. Dette også fordi kravet til oss vert strengare og strengare. Krav til produksjon og inntjening er der, og det betyr og at fokuset vårt på framsmøte er aukande.

Sjukefråværsprosenten i Aufera var i 2017 på 12,15. Det er for høgt og har og vore med å gjera oss usikker på kor mykje arbeid me kan ta på oss. Dette har vore og er ei stor utfordring for Aufera. Særleg no med tanke på huskjøp. Kor stort lån kan me våga ha? Kor mykje arbeid kan me våga ta på oss? No er det slik at dei fleste som arbeider i Aufera er stabile i oppmøte og stiller på jobb. Men me er ikkje så mange, og då vert det få som kan «ta over» og gjera jobben når mange er vekke.



Omdømme til Aufera opplever me som godt. Trass den høge sjukefråværsprosenten. Me får svært mange gode tilbakemeldingar frå alle hald, både dei som jobbar her, familiane deira, kundar og andre samarbeidspartar. Tilbakemeldingar frå eigarane våre er me og godt nøgd med. Ikkje alle bedrifter kan skryta på seg at dei har tre ordførarar med seg kvart år på julebordet.

Manger, 26.02.2018

Kari Smith
Dagleg leiar